

TIL PØLSA & MELSHORNET FRÅ RYSTEFELTET I ØRSTA

Total lengde: 3 km

Vanskelegheitsgrad: Middels

Høgdemeter: 674 moh



Ein variert fjelltur med bratte og slake parti, men flott utsikt heile vegen

Start

Frå Ørsta sentrum følgjer du E39 i retning Volda. Ta av mot Rystefeltet. Kjør Osborgvegen, Oklavegen og Oskarvegen. I krysset Oklavegen/Oskarvegen er det skilta mot Melshornet. Kjør til enden av Oskarvegen og fortsett til du kjem til eit Tussabygg. Turen startar ved Tussabygget.

Frå Tussabygget følgjer du skogsvegen eit stykke. Etter kvart ser du ein sti på høgre side. Denne kan du følgje, eller du kan gå skogsvegen til du møter kryssande sti. Stien er steinsett og hellelagd og er tørr og fin å gå på. Følg stien til du kjem til eit skilt "Pølsa". Stien er tydeleg opp bakkane til Pølsa. Turen frå Tussabygget til Pølsa er ei populær trimrute. Når du kjem ut av skogen, får du flott utsikt i mange retningar. Etter kvart ser du ei vindpølse på toppen av bakken; dette er Pølsa. Herifra fyl du ryggen bakover mot Melshornet, hugs å nyte den flotte utsikta. Siste bakken opp til Melshornet har godt synleg sti. Det er ikkje veldig langt opp, men litt bratt.